



## Notat

Dato: 19.08.2014  
Arkivsak: 2014/19954-1  
Saksbehandlar: oydziem

---

**Til:** Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesordføraren

---

### Svar på spørsmål frå Aud Karin Oen

Fylkesordføraren viser til følgjande spørsmål frå representant Aud Karin Oen:

«I diverse medieoppslag ser eg at det er planar om å etablere eit "privatgymnas" på Sotra. Ordføraren i Fjell er positiv til dette. Kjenner HFK til desse planane, og kan fylkesordføraren gje ei orientering om etableringa og når det eventuelt skal politisk handsamast?"

Fylkesordføraren er gjennom medieomtale kjent med at private aktørar sonderer om det er mogleg å etablere privatgymnas på Sotra.

Før ein privat aktør kan søkje om etablering av privatskuleverksemd, må han søkje Utdanningsdirektoratet om godkjenning etter privatskulelova. I lova vert det stilt krav til dokumentasjon før ein søknad kan sendast. Ved søknad om etablering av privatskuleverksemd er fylkeskommunen høyringsinstans. Fristen for søknad er 1. april kvart år.

Når det er søkt om etablering av privatskuleverksemd innan vidaregåande opplæring, vil vertsfylket til skulen få høve til å uttale seg i saka. Fristen for å søkje Utdanningsdirektoratet om oppstart frå skuleåret 2015-2016 gjekk ut 1. april 2014. Det var ikkje registrert nokon søknad om privatgymnas på Sotra innan denne fristen.

